

Møtereferat frå styremøte/ strategimøte nr.3 2018

Dato: 04-05.2018

Stad: Hotel Brosundet

Desse møtte:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda Kommune
Styremedlem Lena Landsverk Sunde , Sunde kommune
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune
Marit Larssen, Giske kommune
Vebjørn Krogsæter, Haram Kommune
Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune

Varamedlemmer:

Jørgen Amdam, Volda kommune
May Helen Molvær, Sykkylven kommune
Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Forfall:

Harry Valderhaug, Giske kommune
Marit Larssen, Giske kommune
Arnulf Goksøyr, Herøy kommune
Wenche Solheim, Ørsta kommune

Frå adm. møtte:

Jan Kåre Aurdal
Linn Cesilie Fosse
Nils Magne Abelseth
Einar Haram
Torunn Måseide
Vegard Austnes

Foredragshaldarar:

Jan Petter Eide, HNI/JP Konsult
Geir Vinsand, NIVI Analyse

Sak 16/2018: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga.

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Innkallinga vart godkjend.

Sak 17/2018: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 20.04.2018

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referat får forrige styremøte vart godkjend.

Sak 18/2018: Status for regionrådet og bakgrunn for strategiarbeidet

Innleiing ved dagleg leiar jan Kåre Aurdal og styreleiar Jan Ove Tryggestad

- Selskapet sitt formål
- Viktig med konsensus i store saker
- Kombinasjonen av offentleg rolle , kommune og næringsliv
- Utvikling av kommande tenester, tilførsel av kompetanse
- Vi må styrke kontakta med Mørebenken
- Maktfordeling mellom store og små kommunar
- Sunnmøre region sin status?
- Kommunane sitt utfordringsbilete
- Sunnmøre Regionråd skal opptre som eit felles organ for deltakarkommunane
- Regional samfunnsutvikling- næringsutvikling- interkommunalt samarbeid
- Representantskapet gjer klare vedtak
- Utarbeide ein strategisk næringsplan
- Arrangere årlege Arena Sunnmøre for formanskapa i kommunane

Sak 19/2018: Strategi – Kva kan vi gjere saman?

Ved Jan Petter Eide, HNI/JP Konsult

- Regionalt samarbeid
- Regional utvikling – Kunnskap + kapital
- Rammeverk for offentleg utviklingsarbeid
- Nyskaping
- Fremje attraktivitet
- Fokus på verdiskaping og innovasjonskraft
- By og rand, hand i hand

Presentasjon ligg vedlagt.

Sak 20/2018: Kommunane sitt utfordringsbilde, veksande samarbeidsbehov og strategi for fullføring av kommunereforma

Ved Geir Vinsand NIVI Analyse

Utfordringsbilete for kommunane og strategi for fullføring av kommunereforma.

Det fins mange moglegheiter /roller eit regionråd kan ha.

Tema:

- Ny forvaltningsstrategi
- Ny omstilling må til
- Vi må bygge nedan frå og opp
- Avvikling eller mobilisering?

Nøkkelen til ny kommunerolle:

- Meir heilheitleg velferdsansvar
- Lokal demokrati
- Tenesteproduksjon
- Samfunnsutvikling
- Grunnlag for sjølvstyre – friheit til/ frå
- Frå 19 til 14 kommunar på Sunnmøre
- Stille krav til politikarane
- Snakke/ jobbe opp ei norm
- Konsensus
- Politikarane må inkludere heile regionen
- Politikarane må gå inn i ei ny omstilling – sjå framover- nye vedtak
- Samskaping – felles forståing
- Politikarane må tileigne seg meir kunnskap om kva som skjer i lokal-politikken
- Løfte det faglege nivået

Presentasjon ligg vedlagt.

Sak 21/2018: Orienteringssak om prosjekta i SR-regi

Einar Haram:

- Enova prisen 2018
- NorgesGruppen og Yara vant Enova prisen i 2018
- Redusere energiforbruket i offentlige bygg
- Offentleg transport – hydrogen
- Mål om 0 utslipp i fjordane ved bruk av hydrogen ferjer og båtar (2026)
- HUB

Torunn Måseide:

- Ein samanhengande struktur for klasserom / skuleutvikling
- 22. november Arena Sunnmøre, oppvekst er tema
- Saman skaper vi kompetanse for framtida

Nils Magne Abelseth:

- Tettare samarbeid mellom barnehage og skule
- Strategiplan
- Questback
- Handlingsplan

Presentasjonane ligg vedlagt.

Sak 22/2018: Regionrådet sin framtidige strategi, rolle og oppgaver, kva forventningar har vi?

Innleiing ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal, Eva Vinje Aurdal, Jørgen Amdam, Lena Landsverk Sande, Synnøve Synnes og Jan Petter Eide HNI/JP Konsult.

Jørgen Amdam:

- Lærande og dynamiske regionar - open kunnskapsflyt mellom føretak og andre aktørar "Silicon Valley" – føretak/FoU
- Opne samfunn, godt fungerande politisk, politikarar med legitimitet og truverd, mange og sams frivillige aktivitetar - mange aktivitetar og relasjonar både horisontalt og vertikalt
- Stagnerande regionar - lukka kunnskapssystem "hemmeleg", avgrensande, "framandfrykt" ...
- Lukka samfunn - hierarki og kontroll - "Jantelov" – vesentleg horisontale og kontrollerande relasjonar- eigeninteressefremmande politikarar m.m.
- Mobiliseringsevne
- Relasjonsressursar
- Fragmentering
- Omstilling/ utvikling

Presentasjonane ligg vedlagt.

Eva Vinje Aurdal:

- 2020, ny storkommune i Ålesund
- 67 000 innbyggjarar i den Nye Ålesund kommune
- 7000 tilsette i den Nye Ålesund kommune
- Kva vil det bety å vere den største kommunen i fylket?
- Nye Ålesund kommune blir blant dei 13 største kommunane i Noreg
- Betre tenester
- Meir konkurranse / samfunnsutvikling
- Offentleg innovasjon og utvikling
- Kva forventningar har Nye Ålesund til Sunnmøre Regionråd
- Inkludere kommunane i heile regionen
- Styrke næringslivet i regionen

Lena Landsverk Sande:

- 63% oppslutning ved folkerøysting
- 61 % sa ja til samarbeid
- Nye Ålesund må inkludere distrikta og små kommunane rundt
- Så på alle sine behov – ikkje Ålesund mot resten
- 53% sa ja til Runde kommune (+Sande, Ulstein, Hareid og Herøy)
- Ufrivillig åleine

Presentasjonane ligg vedlagt.

Forventningar til Sunnmøre Regionråd i framtida:

- Bidra til tilrettelegging for at fleire kan bu heime lenger – fråfall i vidaregåande skule
- Fritt skuleval over fylkesgrensa – utan å hamne sist på søkarlista
- Tilrettelegging skyss
- Knytte Vanylven til eige fylke – Rovdefjordsambandet
- Jobbe mot betring av kollektivtilbodet
- Blir tilbod sentralisert, så skal tilbodet vere tilgjengeleg for alle – korleis bidreg vi til det?
- Sjå på Sunnmøre sine samla behov – ikkje Ålesund mot resten
- Ålesund er alle sin by – korleis får vi lettare tilgang til byen vår?
- Arbeidsplassar – tilrettelegge for å bygge og bu på heile Sunnmøre
- Korleis støtte næringslivet og kommunane?

Jan Petter Eide:

- Sunnmøre er dårleg integrert mot verda
- Innslag av visjonære personar eller eldsjeler
- Politisk vilje og leiarskap
- Grad av inkludering, sosialt og kulturelt mangfald
- Dynamisk organisasjonskultur gjennom nettverk
- Verdiskaping og innovasjonskraft
- Det skal utarbeidast ny og offensiv næringsplan for heile kommunen.
- Næringsklynger skal vidareutviklast og det skal leggast til rette for nye næringar.
- «Haramsmodellen» for næringsutvikling skal vidareførast med utgangspunktet i kompetansmiljøet knytt til Haram Næring og Innovasjonsforum.

Kva er spørsmålet:

- Er Sunnmøre regionråd ein relevant aktør i dag ?
- I så fall, er den rigga til å gjere noko med det ?
- Om ja, kva kan vi gjere – og gjere meir av ?
- Om nei, kva gjer vi da ?

Jan Kåre Aurdal:

- Kven skal vere i lag med oss
- Samarbeid framover
- Kommunane må finne si rolle

Sak 23/2018: Rekneskap og årsmelding for Sunnmøre Regionråd

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og styreleiar Jan Ove Tryggestad

Det vart oppdaga ein feil i rekneskapet, dette blir retta opp i , i tillegg til noko tekst i årsmeldinga som skal leggest til.